

Koronavirus



Oppdatert nasjonal informasjon er å finna på: www.helsenorge.no

Me kan med glede melda om at det ikkje er registrert nye smittetilfelle i Fitjar sidan 13.november. Kommunen si kriseleiing vil takka for at det vert drive godt smittevern på alle plan i bygda vår. Me ser at det gode arbeidet gjev resultat, og oppmodar difor alle til å vera like flinke framover.

I denne bølga av pandemien er det til no påvist 9 koronasmitte i Fitjar. Sidan i vår har me til saman hatt 18. tilfelle.

Nedanfor kan du sjå aktuell informasjon frå Fitjar kommune. Plakaten vert oppdatert dersom kommunen har nytt å melda om pandemien.

Koronasenteret for Fitjar og Stord har adresse Ringvegen 24 på Heiane, og er å treffa på tlf. 53 49 66 66. Du kan no avtala time digitalt ved å fylgja denne lenka: <https://helseboka.app/b/s/171934>

Sentralen tek seg av testing, smittesporing og rettleiing i tilknytning til dette.

Smittevernlegen i Fitjar har den 20.11. fatta nytt vedtak etter smittevernlova. Desse reglane skal fylgjast:

- Det vert forbod mot alle offentlege arrangement med over 50 deltakarar
- Treningscenter skal ha to meter avstand mellom brukarane.
- Fitjar vidaregåande skule skal gå til gult smittevernivå frå måndag 23.11.20
- Besøkande på sjukeheimen (FBB) skal bruka munnbind og to meter avstand til andre (maks. ein person om gongen)
- Bassenget på Rimbareid skule vert opna for offentleg bading. Skulesymjning vil og gå som normalt.

Vedtaket gjeld for perioden 23.11.20 – 7.12.20

Kommunen opprettheld smittevernvedtaket om karantene i 10 dagar for tilsette i helsetenesta og for barn i barnehage og skulen som har vore i utlandet.

Nasjonal regel som skal fylgjast:

- Private samankomstar på offentleg stad, eller i leigde eller lånte lokale, skal ha ei grense på maksimalt 20 deltakarar.

Meir informasjon finn du her: <https://www.helsenorge.no/koronavirus/feiringer-sammenkomster-og-arrangementer/>

Tiltaka nedanfor har status som anbefalingar, men dei er svært viktige i kampen mot pandemien. Difor ber me så sterkt me kan om at dei vert følgde.

I Fitjar føl me i utgangspunktet nasjonale karantenerreglar: <https://www.helsenorge.no/koronavirus/karantene-og-isolasjon/>

Smittevernlegen vil i tillegg oppmoda innbyggjarane om å følgja desse råda:

- Gå i sjølvpålagt karantene dersom du har luftvegssymptom og syt for å teste deg.
- Har du luftvegssymptom så reduser kontakt med andre, og skriv ned kven du var i kontakt med siste to dagar før symptom og framover.
- Dersom eit medlem i husstanden din har luftvegssymptom og er testa, bør heile huslyden i karantene til prøvesvaret kjem.

Grunnleggjande smittevern er enkle og effektive tiltak:

- Handvask
- Spriting av hender og overflatar
- Avstand på minimum ein meter
- Ver heime dersom du er sjuk
- Ha få nærkontaktar og unngå unødvendige reiser innanlands (sjå råd frå nasjonale styresmakter)

Om sosiale samankomstar:

- Alle private og offentlege arrangement som kan utsetjast, bør utsetjast.
- Unngå sosiale samankomstar om du kan
- I private heimar, hagar eller hytter bør ein ikkje ha meir enn 5 gjester i tillegg til husstandsmedlemmer.

Om idrett- og kulturarrangement:

- Trening- og kulturaktivitetar innad i Fitjar kommune kan i hovudsak gå føre seg som no, men me rår sterkt ifrå at lag frå Fitjar møter lag frå andre kommunar.
- Lag og organisasjonar vert oppmoda om å følgja med på sine hovudorganisasjonar sine retningslinjer.
- Me rår frå å ha arrangement med mykje nærkontakt eller mange kontaktflater.

Om kommunale tenester:

- Besøksrestriksjonar som gjeld på sjukeheimen vert og tilrådd på Havnahuset og andre omsorgsbustader i kommunen.
- Fitjar kommune informerer om endring i våre tenester gjennom heimesida eller ordinære kanalar (t.d. skule-heim)



Vis solidaritet

Reduser

smittefare